



Knarvik Sameie I  
c/o Knarvik Handel AS Kvernhusmyrane 7  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/38 - 18/1953

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
25.01.2018

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/318 Gjervik Ytre

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 188/318  
Tiltakshavar:  
Ansvarleg søkjar: Knarvik Sameie I

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.01.2018. Søknaden gjeld oppretting av ny grunneigedom - gbnr 188/318.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Knarvik, del av gnr 188 Områdeplan Knarvik sentrum med plan ID 1263-201002 er definert som sentrumsføremål, BS12. Sentrumsføremål er forretning, kontor, bustad, offentleg og privat tenesteyting, hotell/overnatting og servering jf. pkt. 4.5. Søknaden er kryssa av for å være i tråd med kommuneplan. Vi legger til grunn at oppretting av eigedom skal skje til sentrumsføremål då dette er i samsvar med plan.

Situasjonsplanen – retning nord og sør - synes å vise innteikna areal utanfor eigedomens grenser samt at arealet er avsett til gang- og sykkelsti, sjå vedlagte illustrerte situasjonskart. Vi legger til grunn at sameiget skal dele ifrå parsellen iht. gjeldande plan og eigedomsgrense.

### Førehandsuttalelse frå teknisk drift – vatn og avlaup

Vi har oversendt førespurnad om førehandsuttalelse til teknisk drift – vatn og avlaup – om det er påreknleg at parsell – gbnr 188/318 - i område BS12 får påkoblingsløyve til kommunalt vatn- og avlaup. Slik førehandsuttalelse må liggje føre før det kan fattast vedtak i saka.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden må vera signert av ein i føretaket med signaturmynde. Vi må ha inn firmaattest som ikkje er eldre enn 3 månader som viser kven i sameiget som har signaturmynde.
2. Vi må ha inn gjenpart av nabovarsel – skjema 5156.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **saml** innan **09.02.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Situasjonskart med inntekna gang- og sykkelsti - gbnr 188\_318

#### **Kopi til:**

Knarvik Sameie I	c/o Knarvik Handel 5914 AS Kvernhusmyrane 7	ISDALSTØ
------------------	---	----------

#### **Mottakarar:**

Knarvik Sameie I	c/o Knarvik Handel 5914 AS Kvernhusmyrane 7	ISDALSTØ
------------------	---	----------